



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anne Eli Wangen, 5764 3165

Invitasjon til konferanse om Leve hele livet

Korleis skal vi planlegge for eit aldersvenleg lokalsamfunn, og korleis skal vi skape samarbeid og samskaping mellom frivillig arbeid, næringsliv og kommunar? Dette er tema for Leve hele livet-konferansane som Fylkesmannen i Vestland inviterer til, saman med regionalt støtteapparat.

Bli med 28. november 2019 i Førde eller 3. desember 2019 i Bergen!

Målet med konferansen er

- å vere ein møteplass for ulike aktørar som ønskjer å bidra i arbeidet med gjennomføring av kvalitetsreforma Leve hele livet
- å skape engasjement og begeistring for reformarbeidet
- å vere ein stad for informasjonsutveksling og erfaringsdeling

To hovudtema

Vi legg opp til parallelle og plenumssesjonar. Det vert også sett av tid til myldring og paneldebatt. Innhaldet i dei to konferansane blir det same. Dette blir hovudtema:

- Planlegging av aldersvenlege lokalsamfunn.
- Samarbeid og samskaping mellom frivillig arbeid, næringsliv og kommunar.

Målgrupper

Frivillige organisasjonar, representantar for næringslivet og ansvarlege for planarbeid i kommunar og fylkeskommunar er hovudmålgruppe for konferansen. Vidare er brukarorganisasjonar, pårøranderepresentantar, politikarar, rådmenn, andre leiarar i kommunar og fylkeskommunar og tilsette i kommunale helse- og omsorgstenester også målgruppe. Representantar frå helseføretak, universitet og høgskular, vidaregåande skular og andre interesserte er også velkomne til å delta.

Program og påmelding

Program vert lagt ut på [Fylkesmannen i Vestland](#) sine nettsider når dette er klart. Der vil de også finne påmeldingsskjema til konferansane. Konferanseprogrammet er gratis å delta på. Eventuelle utgifter til overnatting og utgifter til dagpakke må deltakarane betale sjølve og gjere opp direkte med hotella.



Påmelding er bindande, og påmeldingsfristen er sett til **15. november 2019**.

Konferansen i Førde

Tid: 28. november 2019 **Stad:** Scandic Sunnfjord hotell & Spa, Førde.

Pris for dagpakke: kr. 545,00

[Her vil du finne lenke til påmelding til konferansen i Førde.](#)

Konferansen i Bergen

Tid: 3. desember 2019 **Stad:** Scandic Flesland Airport hotell, Flesland.

Pris for dagpakke: kr. 590,00

[Her vil du finne lenke til påmelding til konferansen i Bergen.](#)

Vel møtt!

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Anne Eli Wangen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent